

# MØTE STADEN

## SCENE I INDRE VESTFOLD:

Ein bygdeveg til butikk, knapt ein bil å sjå, på halvvegen står ei sliten mjølkerampe, som inviterer til kvile for farande folk med ryggsekk.

Mang ein gong sat eg der og dingla med beina, og eg hadde investert i ein forfriskning til mitt lekamlege ego.

Ein vakker dag hadde bonden stiva opp rampa med fjøler, han hadde nok sett meg, ein annleis vagabond som likte roa der eg sat.

Det er eg nok åleine om her i trakten. Eg ser at Trønderne held mjølkerampar høgt i hevd. Det gjer dei ikkje her i Eid.


I gamal tid var det enkelt slik at folket møttast på vegen då alt var ordna i krok og krik og onna endeleg slegen. Då fekk dei tid til annan bolk og mjølkerampa samla folk i grannelag utan knot og tolk, og passe nøgd og fegen.



Dei tala lengje, dei tala vel forteljing, skrøne og soger. No sit vi her i den mørke kveld i ly av fortidas loge. Den nye tid har ramsalt klo og fjøler fell der før dei stod. Men finn no godtfolk same ro i jakt på von og våge...?

Teksten skal syngast.  
Det ikkje tilfeldig at eg har valt denne gamle visa:

«Hvor såre lidet vil der til  
for lykkelig at være»



Teikning frå boka *Kring ei mjølkerampe* (1984) av Johs. Bueie. Familien har godkjend bruk.